




Fisketurisme med utgangspunkt i innlandsfiske- næringsveg for grunneigarar på Vestlandet

Førebels rapportering 2008 – 1. prosjektår
og planlagde aktivitetar for 2. prosjektår



Kartutsnitt frå dei fire satsingsområda

Det femårige innlandsfiskeprosjektet er kome godt i gang i Sogn og Fjordane. I året som har gått har det vore stor aktivitet, der dei ulike tiltaka har vore i tråd med prosjektplanen. Nedanfor gir vi ein presentasjon av dei ulike aktivitetane og prosessane som er i gang samt aktivitetar som er planlagt å starte opp med dette året.

1. Forpliktande samarbeid med grunneigarar

Det er inngått forpliktande samarbeid mellom Sogn og Fjordane Skogeigarlag/Bondelag sitt innlandsfiskeprosjekt og grunneigar- /elveeigarlag i 4 av dei 5¹ utvalde områda:

- q Breimsvatnet – Gloppen kommune v/ Breim Vilt- og Fiskelag
- q Osen Vestre Hyen – Gloppen og Flora kommunar v/ Elveeigarlaget Osen Vestre Hyen
- q Jølstravatnet – Jølster kommune v/ Jølster Jakt- og Fiskelag
- q Gaularvassdraget – Førde og Gaular kommunar v/ Hestadgrend, Viksdalen, Haukedalen grunneigarlag.

Gjennom underteikna samarbeidsavtale skal vi samarbeide om å utvikle turistfiske i dei aktuelle områda til ei lønsam næring for grunneigarane og andre reiselivsaktørar. Ein femårig handlingsplan for kvart av dei ulike områda er under arbeid og skal vere klar innan utgangen av april. For å nå målet pliktar partane å følgje opp dei tiltaka som går fram i handlingsplanen og som partane har vorte einige om skal gjennomførast. I tillegg til at handlingsplanen skal vere i tråd med det grunneigarane ønskjer å bruke områda til, må tiltaka og utviklinga vere i tråd med det marknaden etterspør. I avtalen pliktar også grunneigarlaga å bidra med fast årleg beløp som ei delfinansiering av prosjektet.

Det er gjennomført synfaringar i alle vassdraga med unntak av Viksdalsvatnet. Synfaring her vert gjort så snart som råd. Målet med synfaringa var å verte kjent i vassdraga og vurdere egna stader for auka fysisk tilrettelegging. Representantar frå grunneigarlaga, dei ulike kommunane, prosjektleiinga og Fellesorganisasjonen for Funksjonshemma (FFO) deltok. Sistnemnt var med m.a. for å gjere vurderingar spesielt i forhold til universell utforming (sjå kap. 2). Rapport frå synfaringane langs dei fire vassdraga er snart klar. Desse har gitt oss eit godt grunnlag for det vidare arbeidet.

Det er fleire gode fiskeplassar langs alle dei fire vassdraga som har gode føresetnader for ei auka fysisk tilrettelegging og ei universell utforming med både parkeringsplassar, fiskebrygger, informasjonstavler og rastebord. Grunneigarlaget og prosjektleiinga er no i gang med å diskutere og vedta kva for lokalitet(ar) som er best egna å prioritere både med omsyn til grunneigarforhold, kor lett det er å få god fisk, omfanget av tilrettelegging, men også kva for område som vil kunne oppnå størst næringseffekt i forhold til sal av fiskekort, overnatting osv. Områda skal også egne seg for rekreasjon for heile familien.

Innan kort tid går vi i gang og prosjekterer dei ulike områda som vi i fellesskap har vedteke å prioritere. Med prosjektering meiner vi at må få laga ei illustrasjonsskisse for kvart område. For å få planlagt områda best muleg er det ønskjeleg å nytte landskapsarkitekt til dette arbeidet. Det er sendt søknad til Landbruks- og Matdepartementet om prosjektfinansiering for år 2. Denne søknaden vart sendt innan fristen 15. januar. Vi har enno ikkje fått tilbakemelding på når vi kan

¹ I opphavelig plan var også Hafslovatnet i Luster kommune. Grunneigarlaget takka nei til tilbodet om prosjektdeltaking. Eit par andre område som etter vårt syn stettar dei kriteria som vi har sett for deltaking er under vurdering. Område 5 vert evt. teke inn i prosjektet i løpet av 2009.

vente å få eit svar på søknaden vår. Vidare må det sendast byggesøknader til dei ulike kommunane og få godkjenning. Etter godkjenning i dei områda der dette er eit krav, må kostnader med den fysiske tilrettelegginga framskaffast. Deretter må vi vurdere ulike mulegheiter for ekstern finansiering for å få gjennomført dei ulike tiltaka.

Vi erfarer så langt at grunneigarane har fått eit sterkt eigarskap til prosjektet og at samspelet mellom grunneigarlaga og prosjektleiinga er svært godt. Grunneigarlaga er aktive og svært interesserte i å oppnå både forvaltnings- og inntektsmessige resultat.

2. Ei tilrettelegging for alle

– også dei som treng ei særskilt fysisk tilrettelegging

Som kjent er eit av delmåla å stimulere til at mest muleg av det totale tilbodet for turistfiske er tilrettelagt for alle. Årsaka er at det i dag er eit svært avgrensa ferie- og fritidstilbod for dei som treng ei særskilt fysisk tilrettelegging. Vi ønskjer å bidra til færrest muleg fysiske hindringar for dei som ønskjer fiskeopplevingar i tillegg til auka heilskaplege tilbod både når det gjeld overnatting, mat, men også andre aktivitetar som vandrestiar, bading, riding m.m. Det at det i dag finst få tilrettelagde tilbod, gjer at det er stor sannsynlegheit for at tilboda som vert utvikla vert etterspurte og brukte (sjå pkt. 1.2 i prosjektplanen) av mange fleire brukargrupper enn tilfellet er i dag.

Vi har inngått samarbeid med FFO om kvalitetssikring av dei ulike tilretteleggingstiltaka som er retta mot funksjonshemma grupper. Kontaktpersonane våre gir tilbakemelding om at handikapporganisasjonane svært sjeldan vert trekt inn i planprosessane på denne måten. Dette er ei av årsakene til at dei er svært positive til prosjektet vårt.

Som nemnt tidlegare har dei også delteke på alle synfaringane. Vi ser på dette samarbeidet som svært interessant både i produktutviklingsarbeidet, men også når det gjeld marknads- og salsarbeidet. Med 70 medlemsorganisasjonar og 325.000 medlemmer er FFO den største paraplyorganisasjon for organisasjonar av funksjonshemma i Norge. FFO har fylkesledd i alle fylka samt regionarbeid i dei fire helseregionane i landet. FFO Sogn og Fjordane har 30 ulike organisasjonar under seg. Våre kontaktpersonar i FFO i fylket har presentert prosjektet både hos Fylkeskommunen i samband med ny plan om idrett og friluftsliv samt i Helse Vest. Gjennom dette samarbeidet får vi forankra prosjektet direkte i ulike brukarorganisasjonar både lokalt og nasjonalt. Dei tilboda som innfrir kvalitetskrava vil kunne bruke rullestolsymbolet i marknadsføringa. Dette er kvalitetsstempel som vi ser på som svært viktig for norsk reiseliv generelt, noko som vildra til ei positiv og omfattande marknadsføring mot både lag, organisasjonar og enkeltfamiliar.

3. Samarbeid med tilbydarar av overnatting, aktivitetar og servering

Vi har så smått starta arbeidet med å etablere kontakt med aktørar som tilbyr overnatting, aktivitetar og servering. Også her erfarer vi stor interesse for å delta i prosjektet. Vi skal arbeide systematisk med eit utval av næringsaktørar og inngå eit formelt samarbeid i løpet av våren og hausten 2009. Målet er å oppnå gode næringsklynger i satsingsområda.

Dei sterke koplingane til m.a. destinasjonsselskapa Reisemål Sunnfjord og Reisemål Stryn og Nordfjord vil bidra til at tilboda vi utviklar også er i tråd med det reiselivsnæringa ønskjer og det dei viktigaste målgruppene etterspør.

Nasjonal Turistveg – Gaularfjellsveg er også ei svært interessant kopling for Gaularvassdraget spesielt, slik vi ser det. Vi har presentert prosjektet for prosjektleiar for Nasjonal Turistveg – Gaularfjellsveg. Den planlagde turistvegen som skal stå klar i 2012 går langs store deler av Gaularvassdraget. For Statens Vegvesen si turistvegsatsing er det viktig at det lokalt vert stimulert til næringsutvikling. Prosjektet vårt er såleis i tråd med målsetjingane for turistvegprosjektet. Det vert no arbeid for at kostnadene med prosjektering av fiskeplass langs Viksdalsvatnet samt Haukedalsvatnet kan verte delfinansiert av Statens Vegvesen. Med dette meiner vi kostnader til arkitektskisse, kostnadsoverslag m.m. I tillegg til å delfinansiere prosjektering, vil dette samarbeidet kunne medføre at fisketilbodet vert godt synleg i marknadsføringa av Nasjonal Turistveg – Gaularfjellsveg. Det er lagt opp til eit møte med Statens Vegvesen rett over påske for å diskutere vidare framdrift.

4. Kompetansehevande tiltak

Vi er godt i gang med kompetansehevande tiltak for grunneigarane for å auke forståing for potensialet som ligg i ei auka satsing på turistfiske, men også for å lære om dei ulike marknadene, vertskapsrolle, marknadsføring, pakking og distribusjon. Representantar frå kvart grunneigarlag vart invitert til å delta på nasjonal fiskekonferanse på Lillehammer i november. Vi var sju frå fylket som deltok. Prosjektet dekkar kostnader med dette.

For 2009 er vi i gang med å planlegge følgjande kompetansehevingstiltak:

- § Vertskapskurs innlandsfisketurisme (17. og 18. april) på Skei Hotell i samarbeid med sentral satsing Norges Bondelag og Norges Skogeierforbund.
- § Innlandsfiskekonferansen (november 2009) i samarbeid med sentral satsing Norges Bondelag og Norges Skogeierforbund.

5. Marknads- og salstiltak

Ettersom fisken allereie er av god kvalitet i alle dei fire satsingsområda går vi no i gang med å marknadsføre ørret, røyr og ål mot prioriterte målgrupper. Vår primære målgrupper er nordmenn. Sekundære målgrupper er Sverige, Danmark og Tyskland. Vi arbeider no med å segmentere innanfor dei ulike målgruppene.

Det første tiltaket som skal vere tilgjengeleg for marknaden f.o.m. 2009 er **sal av fiskekort på mobiltelefon via SMS**. Ved hjelp av SMS løysing kan fiskarar skaffe seg fiskekort utan å måtte reise til butikkar og bensinstasjonar for å få kjøpt seg fiskekort eller fylle ut giroløysingar. I same løysing vert det muleg å rapportere fangst, kjøpe parkeringsavgift og leige båt. Det er inngått samarbeid med teknisk leverandør som også har oppretta konto i ein del store utanlandske marknader. Dette gjer ordninga godt tilgjengeleg også for framandspråklege målgrupper. Sal over SMS, synlegheit på www.naturogferie.no og informasjonsplakat blir det inngått eiga avtale om med kvart grunneigar-/elveeigarlag. Det er inngått avtale med Jølster Jakt- og Fiskelag, elveeigarlaget Osen Vestre Hyen samt Haukedalen grunneigarlag om sal av fiskekort via SMS og auka synlegheit på plakatar og internett allereie for denne sesongen. Målet er å få også dei andre områda med for komande sesong.

Tavler med god informasjon om fiskereglar, naturvett og kjøp av fiskekort på SMS skal lagast og plasserast på strategiske stader. **Informasjonsplakatane** er vi i gang med å utvikle. Vi har fått laga eit døme på korleis ein informasjonsplakat kan sjå ut. Produksjon av tavlene og informasjon

på desse på fleire språk skal stå klar til fiskesesongen 2009. Tavlene og informasjonen skal vere heilskapleg utforma og vere gjenkjennande i dei ulike områda. Vi arbeider difor med å få utvikla ein felles logo og profil på plakatane. Dette arbeidet vil skje i tett samarbeid med destinasjonsselskapa, slik at vi får ein heilskap også til eksisterande profil for dei ulike destinasjonane.

Vi arbeider dessutan med å få ei betre synlegheit på nett om dei ulike satsingsområda. Sett vekk frå Jølstravatnet, der Jølster Jakt- og Fiskelag har ei nettside som jamleg vert oppdatert, er fiskekortordningane og informasjon om dei ulike områda svært lite synleg i dag. Vi implementerer derfor dei fire satsingsområda på nettstaden www.naturogferie.no på til saman fire språk i tillegg til norsk: engelsk, tysk, polsk og nederlandsk gjennom eiga avtale. Kvart område vert presentert på ein tiltalende og informativ måte. I tillegg vil framgangsmåten for kjøp av fiskekort via SMS vere godt tilgjengeleg. Nokre av grunneigarlaga har også inngått avtale med *inatur.no* for sal av fiskekort online. På naturogferie.no vil dette alternativet verte godt synleg. Som eit ledd i satsinga vil vi ha fokus på annonsekampanjar på Google Adwords samt sosiale kommunikasjonsverktøy (Web 2.0) som innlegging av videoar på YouTube og grupper i Facebook og Origo.

Etterkvart som tilboda er klare, vert portalane til både Reisemål Stryn og Norfjord, Reisemål Sunnfjord, Fjordkysten samt landsdelsselskapet Fjord Norge og Norsk Bygdeturisme og Gardsmat naturlege stader å legge ut informasjon.

6. Oppsummering

Grunneigarane som er med har vekt stor interesse for prosjektet. Dei innser at det er forvaltningsmessige fordelar med å auke uttak av innlandsfisk samt at det finst eit stort næringsmessig potensiale i ei auka satsing på turistfiske. Prosjektet vert godt motteke av også andre grunneigarar og det meir tradisjonelle reiselivet. Destinasjonsselskapa gir uttrykk for at dette er sårt tiltrengde tiltak for reiselivet.

Arbeidet vidare no er å få ferdigstilt handlingsplanane for kvart av dei fire områda samt halde fram med alle tiltaka som har starta opp i tråd med prosjektplanen.

Endeleg årsrapport for 2008 med rekneskap vart sendt LMD 15. mars 2009.

Førde, 7. april 2009